

Prosjektskildring

«LANGTUREN» I ÅMDALS VERK GRUVER

Søkerorganisasjon

Foreininga Åmdals Verk gruver (ÅVG) har sidan 1970-talet arbeidd med bevaring og formidling av det historiske gruvemiljøet ved Åmdals Verk i Tokke kommune i øvre Telemark. Det har vore gruvedrift i området sidan 1500-talet, og ved Åmdals Verk gruver mellom 1691 og 1945.

På 1980- og 1990-talet blei det med mykje dugnadsinnsats og lokale krefter bygd opp eit lokalt museum på tomte til det gamle Skeidehuset. I dag består anlegget av eit gruvemuseum med fleire bygg og utstillingar, tre utandørs kulturminneløyper, ei eiga barnegruve samt høve til guida tur inn i fjellet.

Sidan 2003 har foreininga ÅVG vore ein konsolidert del av Stiftinga Vest-Telemark Museum (VTM). Det er framleis foreininga som eig fasilitetane – utanom gruva, som er i statleg eige. Gruva formidlast på basis av ein leigekontrakt mellom Direktoratet for mineralforvaltning (Dirmin) og Vest-Telemark Museum, med daglege omvisingar i sesongen, eller på bestilling.



Omvising i Åmdals Verk gruver, her i «smia»

Foreininga ÅVG disponerer eit fond som har som formål å støtte nye tiltak i gruveformidlinga. Fondet vil bli nytta til dette prosjektet.

Hovudmål

Hovudmålet med prosjektet er å gje ei ny og sterkare oppleving av eit utfordrande historisk gruvemiljø. Dette skal skje ved etablering av ein «langtur» gjennom Åmdals Verk kopargruver. Langtur inneber m.a. å gjere fleire gruvegangar tilgjengeleg for publikum enn det er no. Turen er tenkt som ei forlenging av den eksisterande gruveturen, gjennom andre og litt meir krevjande typar miljø, ut i dagen og attende langs elva og ei kulturminneløype på utsida av gruva.

Turen vil vere spesielt attraktiv for skuleklasser, familiar, yngre vaksne og spreke eldre. Den «gamle» delen av turen, med retur til museet frå omtrent midt inne i gruva, vil framleis vere eit alternativ for eit meir allment publikum.

Skildring av tiltaket

Vandringa i kopargruvene på Åmdals Verk er alt i dag ein spanande oppleving for besøkande i alle aldrar. Ein kan gå med guide ca. 600 m inn dei gamle gruvene «Hoffnung» og «Howard», passere «sølvsynken», gå opp ei trapp i «Ingeborg-sjakt» og halde fram til den underjordiske verkstaden «smia». Undervegs kan ein sjå ned i delen av gruva som i dag ligg under vatn.

Fleire tablå viser gruvearbeid frå mellomalder og 1800-tal med dokker, ljøs og lyd. Det manglar likevel høve til å vise fram mellomalder-teknikken *fyrsetting* som dei eldste gruvegangane er laga med. Dette vil ein få til ved etablering av «langturen». Det same gjelder «storheisen», eit imponerande og intakt vassdrive maskineri som hittil har vore utilgjengeleg.

Målet med tiltaket er å forlenge den eksisterande gruveturen med om lag 500 m, slik at ein kan gå vidare frå «smia» og gjennom fleire delar av gruva, ut i dagen ved «crosscut» og attende på utsida. Besøkande vil då kunne oppleve «storheisen».

Dei vil vidare kunne gå opp ei lang, bratt og smal trapp i «Abelsjakt», halde fram under dei høge strossene i den smale gruva «Johannesgangen» og gå ut i dagen gjennom eit lågt tverrslag («crosscut») laga med mellomalder-teknikken *fyrsetting*.

På utsida vil dei kunne oppleve røyrgata frå den oppdemma Åmdalselva ned til «Kompressorhuset», eit bygg som husa det første kompressorverket i Noreg, etablert på 1880-talet. På veg attende til museet vil publikum passere fleire kulturminne frå driftstida 1691-1945.



Storheisen



Abelsjakt



Crosscut

Meininga er å tilby ein slik «langtur» til dei som vil oppleve ein meir spanande og utfordrande tur enn den vanlege. Dette vil i første linje vere familiar, yngre vaksne, spreke eldre og skuleklasser. Tiltaket vil dessutan vere ei utviding av det eksisterande tilbodet for born og unge ved Åmdals Verk, som er ei barnegrave der ein kan teste gruveverktøy og -utstyr i praksis.

Fokus på born og yngre vaksne

Fysisk oppleving av historiske arbeidsmiljø har alltid vore ein attraktiv del av museumsformidlinga, men er blitt viktigare dei siste åra. Dagens ungdom veks opp i ei delvis digital livsverd som i stor grad er kopla frå kroppslege sanseopplevingar knytt til fysisk krevjande miljø, som kulde/varme, fukt/tørke, ljøs/mørke osv.

Difor er det ekstra verdifullt og spanande for yngre museumsgjestar å gjere fysiske erfaringar i den kroppslege livsverda til tidlegare generasjonar. På den «vanlege» gruveturen som i dag endar i «Smia» opplever guidane ofte at born, skuleelevar og yngre vaksne ytrar ønskje om å halde fram inn i dei litt smalare, mørkare og ukjende delane av gruva, som i dag er avstengd.

Me trur at ein «langtur» som oppfyller dette ønskje kan bli eit attraktivt tilbod spesielt for desse. I tillegg får ein høve til å oppleve fleire imponerande element av gruve drifta, som storheisen og stollar laga med fyrsetting.

Gjennomføring av tiltaket

Planane for opparbeiding, tømring og sikring av «langturen» er utarbeidd med utgangspunkt i ein fagrapport frå 2021. Kontrakten med Direktoratet for mineralforvaltning er blitt oppdatert i november 2024 slik at den no gjev rom for ei utviding av gruveturen som skildra her.

Tiltaket er planlagt gjennomført i samarbeid med lokale bedrifter innan fjellsikring, tømring, elektro og trådløs kommunikasjon. Kvalitetssikring av arbeidet vil skje med geofagleg kompetanse og i samarbeid med Tokke kommune, Vest-Telemark Museum og Direktoratet for mineralforvaltning.

Foreininga Åmdals Verk gruver og lokalbefolkninga vil kunne gje eit bidrag til prosjektet ved å gjennomføre dugnad på transport av materialar inn i gruvene, rydding av bygningsavfall, strekking av kablar og ulike støttefunksjonar knytt til det profesjonelle arbeidet.

Det er òg planar om eit samarbeid med mekanikarlinja ved Vest-Telemark VGS, avdeling Dalen, om eit elevprosjekt ang. sveising av ei låsbar metalldør med luftegitter til utgangen frå gruva.

Planen er å gjennomføre tiltaket i løpet av vinteren 2025/26 og opne «langturen» påfølgjande sesong (juni 2026).

Største utfordringar

Den største utfordringa ved tiltaket er koordinering av arbeidet inne i gruva i høve til transport, lagring og bearbeiding av materialar. Det er smalt og trangt mange plassar, og mykje materiale må transporterast fleire hundre meter fram og attende under krevjande tilhøve.

Det same gjeld for strekking av kablar til både belysning og kommunikasjon. Eit godt samarbeid mellom bedriftene som utfører det profesjonelle arbeidet, dugnadsarbeidarane og styret i foreininga ÅVG vil vere naudsynt. Tidlegare tiltak har vist at dette kan føre til stort og positivt lokalt engasjement.

Kvalitetssikring, godkjenning og vedlikehald

Den involverte hovudentreprenøren har tilgang på spesialkompetanse innan fjellsikring. Heile tiltaket vil bli kvalitetssikra, synfart og godkjend av geofagleg kompetanse både under og etter arbeidet.

Det skal utarbeidast ein plan for årleg kontroll, spettreinsk og vedlikehald av langturen, i forlenging av dei allereie eksisterande rutinane.

Budsjett, kostnader inkl. mva

Post	Kostnad	Finansiering	Kommentar
Sikring og tømring inkl. materiale	920.000		Fjellsikringsfirma / tømrer
Dør/gitter utgang (materiale)	30.000		Elevpåbygg VT-VGS
Belysning kabling og installasjon	434.000		Elektroinstallatør
Lamper/ljuskastarar	66.000		Div. produsentar
Kabel trådløs kommunikasjon	250.000		FH-installatør
Prosjektering/admin, 8 vekeverk	165.000		VTM
Geofagleg kompetanse	100.000		Honorar, synfaring, rapport
Tryggingstutstyr	55.000		Hjelm, lys, FH-utstyr mm
Uføresette kostnader	92.000		10% av sikringskostnad
Fondsmidler Åmdals Verk gruver		600.000	Løyvd i styrevedtak 19/3-25
Sparebankstiftinga DNB		600.000	Søkt 1/4-25
UNI-stiftinga		400.000	Søkt 30/4-25
Tokke kommune		200.000	Søkjast mai 2025
Skafså kraftverk, Statkraft		150.000	Søkjast mai 2025
Eigeninnsats		162.000	VTM
SUM	2.112.000	2.112.000	

Kontakt VTM: formidlingsansvarleg Tilman Hartenstein, th@vtm.no, 91136604

Kontakt foreininga ÅVG: styreleiar Unni Bendiksen, unnbendi@online.no, 93293960

Info om Åmdals Verk gruver:

<https://www.visittelemark.no/vest-telemark-museum/informasjon/produkt/amdals-verk-gruver-p515303>

3D-animasjon av den eksisterande gruveturen:


<https://my.matterport.com/show/?m=kUiii8zVUdz&sr=-3.06,-.39&ss=5>

Film om gruvemuseet og gruva:


<https://www.youtube.com/watch?v=hQ2DgcWTIOI>

Kart over den planlagde LANGTUREN i Åmdals Verk gruver

1 Langturen Brårjordstulen via Howard-gruva til Tverrslag 1 (kart frå 1944)




2 Langturen del 1: Brårjordstulen til Tverrslag A (Hoffnung)




3 Langturen del 2: Tverrslag A via Ingeborgsjakt, Smia og Storheisen til Tverrslag 1 (Howard)



4 Langturen del 3: Tverrslag 1 via Abelsjakt og Johannesgangen til Crosscut og ut i dagen



5 Langturen, skjematisk teikning



6 Langturen, skjematisk teikning plassert i terrengekart

